



Årsmelding handballgruppa



2023





Vår dato
28.02.2023

Vår referanse
Styret handball

1 Styret si samansetjing

Leiar: Anne Kauppi, valgt for 2022-2023
Nestleiar: Linn Hege Lereng Einan, valgt for 2023-2024
Sekretær: Henriette Klingenberg, valgt for 2023-2024
Økonomi: Anne Kauppi, valgt for 2022-2023
Styremedlemmar: Emil Hillestad, dommaransvarleg, valgt for 2022-2023
Reidun Fodnes, ansvar senior, valgt for 2023-2024
Nadyia Melnykova, ansvar sport barneidrett, valgt for 2023-2024
Kjersti Asperheim, ansvar minihandballturneringane og påmelding, valgt for 2022-2023

2 Styret sitt arbeid

2.1 Styremøter

Det har vore 3 styremøter i 2023. I tillegg har leiar og nestleiar hatt fleire møter.
Møte etter sesongslutt 2022/2023 og påmelding av lag for sesongen 2023/2024. I tillegg planlegging av turnering som avslutning på sesongen.
J10/11 var påmeldt Voss, men det vart hotell i Førde i staden. G15/16 var påmeldt Elverum Yngres cup med 2 lag.
Møte 3 var sesongstart 2023/2024 og planlegging av sesongen.

3 Aktivitet

Våren 2023 avslutta me med 4 aktive lag, i tillegg til samarbeidslaga på J2008 og J2007 med Jotun. Hausten 2023 meldte me på G10/11, J109, J13, G16. J13 og G16 er samarbeidslag med Jotun, og J14 til Jotun er samarbeidslag med ÅTIL. I tillegg har me spelarar på J16 til Jotun utan å få til samarbeidsavtale. Me slit med lag på minihandballturneringane, men vinter 2024 har me fått til lag på turneringane. Spesielt er gutane ivrige.

Hausten 2023 stilte ÅTIL handball opp med HAFO for ungdomsklubben i Tangenhallen. Her spelar ungdommane 1 omgang fotball og 1 omgang handball, og dette var stor suksess. Det førte til at me starta planlegging av eit handballopplegg med trening for gutar i alderen 5.- 8. klasse. Dette vart starta opp i januar 2024, og så mange har delteke at det er meldt på 2 lag på Elverum Yngres Cup 2024 (19.-21. april)

Nadyia Melnikova vart spurd av NHF Region Vest om å ta på seg trenaransvar for sonesamlingar i sone 3 for klubbane ÅTIL, Jotun, Sogndal, Aurland, Bjørn, Syril og Vik for jenter født i 2010.

Per dato har det vore 2 samlingar for desse ivrige jentene.

Dette tok ho på strak arm, og per no har det vore gjennomført 2 samlingar i Tangenhallen. ÅTIL yter service, og serverar frukt i drikkepausane.

Dommarar 2023 for ÅTIL var Olai Holsæter, Vigdis Askeland, Emil Hillestad og Mathias Klingenberg Vee.

4 Økonomi

Økonomien til handballgruppa er tilfredsstillande, men me treng å få litt inntektsbringande tiltak for at laga skal få reise på turneringar. I tillegg må me sikre økonomi til utstyr og kurs/utdanning.

5 Medlemstal

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner		23	11	1	10	55
Menn		28	19	12	11	70
Totalt		51	30	13	21	125

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171

Besøksadresse

Telefon

Bank
3730.20.06254

Web

Foretaksregisteret

6881 Årdalstangen

Epost: leiarhandball@aatil.no

www.aatil.no

974 442 868



Vår dato
28.02.2023

Vår referanse
Styret handball

5.1 Medlemsutvikling

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinner	73	67	25	45	45	46	55
Menn	79	77	44	56	56	53	70
Totalt	152	144	69	101	101	99	125

6 Oppgaver i året som kjem

Full fokus på barneidrett og oppfølging på dei aktive laga me har no. Legge til rette for trenarutdanning lokalt, og fleire trenarar per lag.

Me må òg utdanne fleire handballdommarar.

Eige styremedlem som skal administrere handballaktiviteten og organisere påmelding til minihandballturneringane frå 6-9 år, vart etablert i 2022, og me ser allerede i inneverande sesong at det har vore nyttig.

Handballgruppa vil bidra på klubbutvikling som ÅTIL starta på i april 2022, og vil styrke styret med yngre krefter som brenn for eit aktivt handballmiljø i ÅTIL. I tillegg må me styrke samarbeidet med IL Jotun. Her meiner styret at me må gå for fleire samarbeidslag, og ikkje utlån. I tillegg må alle samarbeidslag trenar og spela kampar i begge hallane.

7 Årsmelding frå dei ulike gruppene / laga

Lag	Trenar	Oppmann
J09 2023/2024	Silje Smedegård Linn Hege Lereng Einan	
J11 2023/2024	Anette Huun Jevnaker Malin Skaun Lintho	Turid Natvik
G10 2023/2024	Nadyia Melnykova	Henriette Klingenberg
J13 2023/2024 Samarbeid med Jotun Me låner spelarar frå Jotun	Nadyia Melnykova Linn Hege Lereng Einan	Kjersti Nundal
G16 2023/2024 Samarbeid med Jotun	Nina Jevnaker Endre Saur Midtun Dag Rune Tørnes Jørgen Midtun	Anne Kauppi Tonje Stølen Moen
J14 2023/2024 Samarbeid med Jotun Jotun låner spelarar frå ÅTIL	Karianne Gudvangen Geir Inge Agledal Marita Hestetun	Marita Hestetun
J16 2023/2024 ÅTIL-jenter med på Jotun Fekk ikkje til samarbeid	Stine Kauppi Straumsheim Sandra Rinde Linda Øy Adelheid Nes	Lisell Måren

Styret ÅTIL Handball (s)

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171

Besøksadresse

Telefon

Bank
3730.20.06254

Web

Foretaksregisteret

6881 Årdalstangen

Epost: leiarhandball@aatil.no

www.aatil.no

974 442 868

Årsmelding handball J09 sesongen 2023/2024

Trenarar: Silje Smedegård og Linn Hege Lereng Einan
Oppkvinne:

Åtil jenter 9 er ein gjeng med 9 supre jenter og to trenarar. På laget har me med oss 9 av 12 (byrja ei i ny i klassen forrige veke) jenter i årstrinnet, så me er veldig nøgd med å ha med så mange. Laget består av Carolina, Tiril, Rebecca, Vilma, Elise, Oda, Tia, Tiril og Mia. Trenarar er Silje og Linn Hege. Denne sesongen har vore utruleg kjekk så langt. Jentene syner fram god spelarutvikling og det er ei stor glede å få følgje dei på vegen. Treningane er varierte og framgangen jentene syner gir oss mykje glede. Oppmøtet på treningar og kamp har vore veldig godt. Laga me har møtt denne sesongen er Syril, Jotun og Sogndal. Me har vore med på 6 turneringar denne sesongen og har ein igjen. Det har vore ein turnering på heimebane, ein i Øvre, to i Leikanger og to i Sogndal. Det gjenstår ein turnering – Tangehallen, 6.april. Ekstra kjekk var siste turneringa i Leikanger då me var så heldige å få låna den fine tangebussen vår. Det var stor stas å få køyre saman til kamp og me håpar me får låne den fleire gonger. Oppmøtet på treningar og kamp har vore veldig godt og me er stort sett fulltallige. Ekstra godt er det for trenarane at jentene på laget har fantastiske foreldre og besteforeldre som er så kjekke og støttande. Dei stiller gledeleg opp på treningar og kampar og stilte gledeleg opp på dugnad då me trengte dei på turneringa i Tangehallen. Ein veldig fin sesong og me ser fram til neste 😊





Vår dato
28.02.2023

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball G10-13 sesongen 2023/2024

Trenar: Nadyia Melnikova

Oppkvinne: Henriette Klingenberg

Spelalar:

Olve Klingenberg Andersen, f. 2012

Gunnar Tørnes, f. 2012

Jacob Moen Klingenberg, f. 2012

Einar Skjelbredalen, f. 2012

Oliver Årnes-Walaker, f. 2012

Daniil Isaev, f. 2012

Niklas Chmelar, f. 2013

Vi starta opp handballsesongen med få gutar, der nokre av spelarane frå førre sesong hadde felle i frå, og vi blei med dette avhengige av å få låne jentespelarar til seriekampane. Dette blei ei utfordring i høve at det krasja med dagar jentene sjølve skulle ha kampar. Vi tok vi difor kontakt med Jotun for samarbeidslag, men på grunn av dei måtte hjelpe andre lag innad i sin klubb, kunne vi ikkje låne spelarar frå dei før etter nyåret 2024. På bakgrunn av dette såg vi oss nøydde til å trekke laget frå serien. Laget tok deretter ein pause frå handballen fram til nyttår, der vi fekk planlagt korleis vi skulle klare å rekruttere fleire gutar til handballen. Frå nyttår 2024 lagde vi til eit handballtilbod for gutar frå 5-8.klasse (f. 2010, 2011, 2012, 2013), med faste treningstider måndagar. Vi sendte ut informasjon på klassegrupper på Facebook, og alle gutane i 5-8.klasse fekk med kvar sine skriv heim frå skulen, med informasjon om tilbodet.

Det blei godt oppmøte på det nye tilbodet frå dag 1. Fokuset på treningane har vert å bli trygg med ball, bli kjent med handballreglar, og få prøve seg på forskjellige posisjonar på bana. Det er jamt og godt oppmøte på kvar trening, og gutane melder seg på sjølve i Spond. Vi opplever at gutane er flinke til å gje attendemeldingar på om dei kjem på trening eller om dei ikkje kan kome. Gutane 5-8.klasse stiller med to lag til Elverum Yngres cup i april, som er ein stor motivasjon for gutane til å halde fram med treningar ut sesongen, då dei ikkje er påmeldt i noko serie.

Desse gutane er med vidare frå januar 2024:

2013: Niklas Chmelar

2012: Olve Andersen Klingenberg, Gunnar Tørnes, Jacob Moen Klingenberg, Ove Kristiansen, Einar Skjelbredalen, Daniil Isaev,

2011: Adrian Otterdal, Håkon Sørhage, Jan Eik Ibsen, Kasper Jørgensen, Noah Hatlelid, Olai Fredsvik, Uael Andeberhan, Nathnael.

2010: Liam Rivedal Andersen, Egil Kristiansen, Even Bjaanes, Mathias Vedå Hillestad.

Mvh Henriette og Nadyia



Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171

Besøksadresse

Telefon

Bank
3730.20.06254

Web

Foretaksregisteret

6881 Årdalstangen

Epost: leiarhandball@aatil.no

www.aatil.no

974 442 868



Vår dato
28.02.2023

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball J11 sesongen 2023/2024

Trenarar: Anette Huun Jevnaker og Malin Skaun Lintho

Oppkvinne: Turid Natvik

Spelarar:

Anna Asperheim, f. 2012

Ella Myklebust Valaker, f. 2012

Enya Ibsen, f. 2012

Kaja Ouren Jentoftsen, f. 2012

Aurora Oline Jønsson, f. 2012

Theresa Tkacova, f. 2012

Lilly Fossøy Asperheim, f. 2012

Oda Huun Jevnaker, f. 2012

Thale Asperheim Fredheim, f. 2012

Tuva Marie Otterdal, f. 2012

Irina Maria Versanu, f. 2012

Kaja Læg Reid, f. 2013

Hausten 2023 starta me opp igjen med terningar, og 4 nye jenter kom til på laget. Denne sesongen har me hatt eigne treningar, og ikkje saman med G11 slik som året før. Me har også fått på plass eigen oppmann som har ordna med dugnadslister og booka buss når det har vore naudsynt.

I gruppa vår var det i utgangspunktet 4 lag som var påmeldt, men 1 av desse måtte trekke seg då dei ikkje hadde noko spelarar. Dette har ført til få kampar denne sesongen. Sjølv om me har hatt få kampar er det veldig kjekt å sjå at jente utviklar seg både individuelt og saman som eit lag.

I april er me påmeldt turnering i Elverum, og dette gler både spelarar og trenarar seg til.



Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171

Besøksadresse

6881 Årdalstangen

Epost: leiarhandball@aatil.no

Telefon

Web

www.aatil.no

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret

974 442 868

Årsmelding 2023 handball J13**Trenarar:** Linn Hege Lereng Einan og Nadiya Melnikova**Lagleiar:** Kjersti Nundal**Spelarar:** Emma Lereng Einan f. 2011
Eva Grenager f. 2011
Ida Dvergedal f. 2011
Jenny Nygård f. 2011
Leonora Vigdal f. 2011
Maria Myrmel Moen f. 2011
Nikoline Guttormsen f. 2011
Sunniva Nundal-Havro f. 2011Nadia Niedzwiecka f. 2010
Sigrid Njøs Natvik f. 2010
Tuva Styve Øren f. 2010
Sofia Chmelar f. 2010
Ida Ouren Jentoftsen f. 2010

Me har hatt ein aktiv sesong, med motiverte jenter som stiller til trening og kamp. Laget består av dei same spelarane som i fjor, så det er ein stabil gjeng. Me har to treningar per veke: mandag (1t) og onsdag (1,5t). Denne sesongen har me hatt samarbeidslag med Jotun. Der har dei som vil, hatt høve til å vere med på trening i Øvre. Me har også hatt med oss Jotunspelarar på nokre kampar der me har mangla spelarar. Kjekt å bli kjent på tvers av klubbane.

Me fekk ikkje plass på Voss Cup i 2023, så det vart ikkje noko overnattingstur på oss dette året. I staden vart det juleavslutning i klubblokalet til ÅTIL. Der vart det servert pizza, me hadde pakkeleik og såg handball-VM på storskjerm.

Ved årsskiftet klarte me akkurat å komme oss over delestreken på tabellen. No skal me spele blant dei 6 beste laga i regionserien i Sogn og Fjordane. Dette blir med andre ord ein tøff og spennande vårsesong! Garantert ein kjekk og fin utfordring/erfaring for spelarane.

Me ser fram til eit nytt år med idretts glede og samhald på handballbana 😊



Årsmelding handball G16 sesongen 2023/2024

Trenarar: Nina Jevnaker, Dag Rune Tørnes, Nina Jevnaker, Endre Saur Midtun og Jørgen Midtun
Oppkviner: Anne Kauppi og Tonje Stølen Moen

Antall spelarar:

7 ÅTIL

Jo Blikken (2008)
Viljar Lie Smedegård (2008)
Kristoffer Tørnes (2008)
Hermann Myklebust Valaker (2008)
Gjermund Sørhage (2008)
Mathias Klingenberg Vee (2008)
Joakim Hovland (2007)

10 Jotun

Oskar Horge Bronnes (2008)
Kasper Smedegård Høl (2008)
Aron Thunes (2008)
Halvor Stølen Moen (2007)
Trym Hove (2007)
Kristoffer Høl Furubotn (2007)
Leo Elgsaas (2007)
Martin Vold (2007)
Matias Valsvik (2007)
Aleksander Øyre (2007)

For gutar f.2008 og 2007 har tilbodet hausten 2023 vore eit samarbeidslag mellom ÅTIL og Jotun, administrert av ÅTIL. Spelarane kan då stå i sine eigne klubbar og treng ikkje melde overgang, eller søke om utlån. Desse to årskulla vart slegne saman til eitt lag og ei treningsgruppe i fjor. Dette tykkjer me ha vore svært vellukka. Me starta med ei treningsgruppe på 20 spelarar, noko som gjer at me alltid er mange på trening og får godt «trøkk» der. Å vere to årskull i lag har vore utviklande, spesielt for dei yngste som har måtta ta nokre steg mot å bli tøffare både på trening og i kamp. Me ser det godt att i spelsituasjonar. Elles har treningane i hovudsak vore bygde opp rundt trivsel, å ha det kjekt på trening og det å skapa samarbeid og samhald. Dei er blitt ei samansveisa gruppa, og det er veldig kjekt. Me har det moro på trening. Meir håndballfagleg sett har me i år jobba mykje med formasjonar og trekk, sette fart i kontra og angrep, pådrag og vidarespel, forsvarsarbeid og keeperarbeid. Gutane viser fin utvikling på alle område. Det har vore veldig kjekt å sjå at kompetansen no er slik at me kan køyre ganske kompliserte øvingar og formasjonar. Når det gjeld kampar, er me såpass mange at eit par spelarar må stå over kvar gong. Det ruller me på, men meiner også at gutane no er så gamle at det blir meir ulikt i høve til speletid enn det har vore før. Alle skal uansett spele og vere med og me håpar me klarar å halde motivasjonen deira oppe slik at dei held fram med handballen. Ein annan viktig del av å halde på spelarane er at me trenar ein dag i Årdalshallen og ein dag på Tangenhallen.

No har me fokus på å fullføre sesongen. Til no ligg me på ein 5.plass på tabellen, og me håpar å kunne plukke med oss nokre fleire poeng utover vinteren. Så er målet å runde av med turnering på Elverum i lag med J14 og J16. Det ser me fram til.

Nina, Dag Rune, Endre, Tonje, Jørgen og Anne.



Lagbilder under Elverum Cup våren 2023

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171

Besøksadresse

Telefon

Bank
3730.20.06254

Web

Foretaksregisteret

6881 Årdalstangen

Epost: leiarhandball@aatil.no

www.aatil.no

974 442 868



Vår dato
28.02.2023

Vår referanse
Styret handball

Årsmelding handball J14 sesongen 2023/2024

Trenarar: Karianne Gudvangen, Marita Hestetun og Geir Inge Agledal. Karianne.
Oppkvinne: Marita Hestetun.

Vi har ein stall på totalt 11 spelarar. Ein spelarar har vore ute med skade i starten på sesongen, men ho er no tilbake att. Vi har 3- 2009 jenter og 8- 2010 jenter.

Vi har i år eit samarbeid med ÅTIL for å ha tilgang til fleire spelarar ved behov, i hovudsak for å ha to keeparar tilgjengeleg. Men det har ikkje vore så aktuelt for ÅTIL keeperen og spele med oss. Det har variert kor mange som har trent med oss, men alle frå 2010 kullet på ÅTIL har tilbodet. Det ha vore veldig kjekt dei treningane dei har kome på våre økter.

Vi ser at vi truleg framover også vil vere avhengig av eit samarbeid for å ha nok tilgang til spelarar, da vi konkurrerer mot fleire idretter. Sjølv om vi leggje så godt til rette som vi kan, for at jentene skal kunne drive med fleire idretter på ein gong. Vi skal ha eit nytt samarbeidsmøte med ÅTIL 06.02.24 for å planlegge vegen vidare. Vi har erfart at vi må søka om samarbeid før første kamp i sesongen for å unngå å få dispensasjon, synd at vi ikkje var klar over dette før sesongstart da vi ligg så godt att mtp tabellen.

J16 har tilbod om å delta på våre treningar om onsdagane om ynskjeleg, det er foreløpig berre 2-3 jenter som har møtt opp.

Kampane har gått over all forventning, starta med eit tap, vi har deretter hatt 9 singlar. Jentene spelar veldig godt i lag, både bakover og framover.

Vi har ei veldig treningsvillig gruppe, der stort sett alle kjem på treningane og «gunner» på. Vi ser god utvikling frå førre sesong, spesielt mtp forsvarsspelet, og samspelet med strek framme i angrep. Jentene sin individuelle ferdigheitar er stadig i utvikling, samt dei utviklar seg og spelar betre som lag angrepsmessig. Her må ein berre fortsette den godt utviklinga.

Vi har stort fokus på kast/mottak, fart/tempo med og utan ball, finter, samspel, forsvarspel og avtaler/trekk på våre treningar.

Målet for neste sesong er å melde opp eit j15 lag da vi ser mtp motstanden at dette vil vere overkommeleg for jentene i 2010 kullet og fortsatt spele opp eit år.

Postadresse Årdalstangen Idrettslag Postboks 171	Besøksadresse	Telefon	Bank 3730.20.06254
6881 Årdalstangen	Epost: leiarhandball@aatil.no	Web www.aatil.no	Foretaksregisteret 974 442 868

Årsmelding handball J16 sesongen 2023/2024

Trenarar: Stine Kauppi Straumsheim, Linda Øy, Rune Hunderi, Sandra Rinde og Adelheid Nes
Oppkviner: Lisell Måren og Adelheid Nes

Denne sesongen har me 19 jenter med oss på laget. Laget består av 15 jenter født i 2008 og 4 jenter født i 2007. Av desse jentene er det fem som kjem frå Tangen, og det tykkjer me er veldig kjekt, og viktig for å halde ungar i aktivitet.

Denne sesongen har me trena tysdagar 19-20, og torsdagar 19.30-21.00. Me har hatt bra oppslutnad på trening. Jentene har også tilbod om å trene med damelaget på mandagar, og j14 på onsdagar.

Serien vår bestod fyrst av 8 lag. Og med så få lag, og få kampar, men mange spelarar fekk me melde på eitt til lag i serien i november. Då vart det 9 lag i serien. Det førte til at me delte spelargruppa i to, etter speleposisjonar, og tek med oss 2-3 spelarar frå det laget som ikkje spelar til kvar kamp. Dette vil gje meir speletid til alle jentene, og me sikrar at alle får spele kamp. Speletid blir fordelt etter innsats, treningsoppmøte og form på kampdag. Me har også fått god hjelp frå Mina Smedegård, keepertalentet til j14, som har stått ein del kampar for Jotun 2 denne sesongen.

Det er ei kjekk gruppe å vere saman med, og eit stort potensiale i laget. Me heiar på kvarandre og har det moro både med og utan ball. Me har ikkje vunne så mange kampar enno, men me har fortsatt igjen ein del kampar, og me føler at kurven peikar i rett retning i forhold til resultatata, så våren framover blir spennande.

Eit godt team er samla rundt gjengen, og det er viktig. Linda Øy kom tilbake etter ein sesong pause. Ine Myrland har også vore med på ein del treningar i fyrste del av sesongen. Sandra Rinde har saman med Adelheid Nes vore tett på keeperane våre, og er om lag på alle treningar. Adelheid har også delt på oppmannsjobben med Lisell Måren, og desse damene sørgar for at kampoppsett, køyreliste, dugnadsliste, heimearrangement og alt anna er på stell rundt laget. Rune Hunderi kom inn i trenarteamet i desember, og har løfta jentene i god retning med kontinuitet og utvikling på trening. Stine har vore med som før. Ei stor takk til alle rundt laget som legg ned mykje tid og innsats for at jentene skal ha det best mogleg.

Laget:

Bak frå Venstre: Trenar Rune Hunderi, Andrea Fimland Schultz, Emma Lunde, Julie Moe Låksrud, Maria Da Silva Vamråk, Mari Søfting-Grøv, Asta Hettle, Stina Kvale Kvannli, Katarina Da Silva Sveen, Ingrid Nes, trenar Linda Øy

Framme frå venstre: Trenar Adelheid Nes, Ingrid Molland Sanden, Alise Måren Felde, Sara Barson, Karla Ene, Isabella Ramirez Øren, Sara Laberg, Mathea Straumsheim Breivik, Roaa Shaar, Andrine Nondal
Liggande: Mia Kopperdal og Mina Høl Smedegård

